

**Møte nr. 1-2010**

**Kontrollutvalet i Klepp  
INNKALLES TIL MØTE**

**17. februar 2011 KL. 16.00 på Rådhuset i Klepp, Formannskapssalen**

**SAKLISTE**

- 1/11 [Godkjenning av protokoll frå 02.12.2010](#)
- 2/11 [Orientering frå rådmannen vedr diverse saksbehandlingsrutinar](#)
- 3/11 [Kontrollutvalets årsmelding 2010](#)
- 4/11 [Årsrekskap 2010 - kontrollutvalets budsjett](#)
- 5/11 [Oversikt over status bestilte prosjekt og kontrollar pr. februar 2011](#)

**EVENTUELT**

**MELDINGAR**

- 2/11 Særutskrift av møtebok - Rapport finansforvaltning pr. 31.10.2010
- 3/11 Foreløpig orientering om oppfølging av rapport

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobil tlf. 98806776 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no)

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka (*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Kleppe, 10.02.2011

Hanne-Lill Steen  
Leiar av kontrollutvalet



Wencke S: Olsen  
sekretariatet

## REFERATSAKER

**Periode:** 03. desember 2010 - 17. februar 2011

<b>Nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Referatsakstittel</b>
2/11	200800282-4	Særutskrift av møtebok - Rapport finansforvaltning pr. 31.10.2010
3/11	200900013-12	Foreløpig orientering om oppfølging av rapport

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800244  
Arkivkode : E: 049  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Klepp	<b>Møtedato</b> 17.02.2011	<b>Utvalgssaksnr.</b> 1 /2011
---	-------------------------------	----------------------------------

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 02.12.2010**

Sjå vedlagt protokoll frå kontrollutvalet sitt møte den 2. desember 2010.

Forslag til

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Klepp godkjenner protokollen frå møtet 02.12.2010.

SANDNES, 27.12.2010

Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

Vedlegg:  
[Protokoll frå møte 02.12.10.](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800279  
Arkivkode : E: 047  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 17.02.2011	<b>Utvalssaksnr.</b> 2 /2011
--	-------------------------------	---------------------------------

**ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN VEDR DIVERSE  
SAKSBEHANDLINGSRUTINAR**

**Bakgrunn:**

Det vert vist til sak 30/10 samt til rådmannens orientering i møte den 2. desember 2010.

Kontrollutvalet fatta på dette møtet vedtak der ein ba rådmannen om å orientera om rutinar/ reaksjonar på det som kjem fram i mottatt brev til kontrollutvalet vedr. behandling av ei ekspropriasjonssak.

**Saksutredning:**

Sekretariatet har motteke brev av 20.12.2010 frå Klepp kommune, sjå vedlegg.

Rådmannen går her m.a. inn på at kva som skal til for at eit vedtak skal vera "tilstrekkeleg utgreidd" til slutt er eit skjønsspørsmål. I dette skjønnet kjem og kva for dokument som skal leggjast fram i saka. For å avgrensa omfanget av dokument er derfor hovudregelen at brev i einskildesaker ikkje vert lagt fram i sjølve saka om dette ikkje har stor betydning for innhaldet.

Når det gjeld det omtalte tilfellet, vert det her m.a. nemnt at rådmannen meiner at hovudinn-haldet i det omtalte brevet er teke omsyn til i saksutgreiinga. Det vert og nemnt litt rundt årsaken til at det omtalte brevet ikkje vart lagt fram for politikarane ved behandling av saka.

Til slutt vert det nemnt at det omtalte skrivet frå Karin Øksnevad aldri har vore unnateke offentleg innsyn i Klepp kommune sin postjournal. Det vert lagt ved utskrift av logg frå sak/arkivsystemet som viser at det heller ikkje er gjort endringar i ettertid.

Rådmannen er og invitert til å vera til stades på kontrollutvalet sitt møte for å svara på spørsmål om saka.

Forslag til

**VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tar rådmannens orientering om sakshandsamingsrutinane til orientering.**

SANDNES, 04.01.2011

Wencke S. Olsen  
sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Brev av 20.12.2010](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800001  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 17.02.2011	<b>Utvallssaksnr.</b> 3 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

## **KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING 2010**

**Bakgrunn:**

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for 2010 for kontrollutvalet i Klepp. Årsmeldinga skal oppsummera kontrollutvalet sitt arbeid i 2010.

**Saksutgreiing:**

Resultata er og sett opp mot kontrollutvalets vedtekne årsplan for 2010. Dersom kontrollutvalet har endringar til det framlagde utkastet, vil desse bli innarbeidd av sekretariatet før årsmeldinga vert vidaresend kommunestyret til orientering.

Det vert elles vist til forslag til årsmelding, som ligg ved.

Forslag til

**VEDTAK:**

- [Kontrollutvalet i Klepp vedtar kontrollutvalets årsmelding for 2010.](#)
- [Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Klepp til orientering.](#)

SANDNES, 23.12.2010



Wencke S. Olsen  
sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:

[Årsmelding 2009](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800215  
Arkivkode : E: 212  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 17.02.2011	<b>Utvallssaksnr.</b> 4 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

## **ÅRSREKNESKAP 2010 - KONTROLLUTVALETS BUDSJETT**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har iflg. *Forskrift for kontrollutvalg § 18* ansvar for å koma med forslag til budsjett for området kontroll og tilsyn. Dette medfører at utvalet òg får ansvar for oppfølging av budsjett og rekneskap på dette området.

### **Saksutredning:**

Sekretariatet har bede Klepp kommune om å koma med oversikt over rekneskapen for 2010 innafor området kontroll og tilsyn. Kommunen har teke forbehold om at rekneskapstala kan bli endra, men at det ikkje er forventa fleire fakturaer frå revisor for 2010.

Budsjett til kontrollutvalets verksemd på ansvar 1200 har ikkje vore endra/justert i perioden, og viser derfor – på same måte som i fjor – eit meirforbruk. Meirforbruket er i år på 29% ut frå dei rekneskapstala me har mottatt (dei er m.a. ikkje heilt fullstendige når det gjeld sekretariatet, sjå note), slik at reelt meirforbruk er ennå litt høgare.

På område 1100 (revisjon) er det og i år eit mindreforbruk (ca. 22%). Mindreforbruket relaterer seg til rekneskapsrevisjon. Dersom vi ser kontrollutvalets samla budsjett under eitt, er det dermed eit mindreforbruk på i underkant av 10% i rekneskapet.

Dette rekneskapet går inn i endeleg samla årsrekneskap m/revisjonsmelding for Klepp kommune.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Klepp tar den framlagde rekneskapen for budsjettområde for kontroll og tilsyn for 2010 til orientering.**

Sandnes, 06.02.2011



Wencke S. Olsen  
sekr. leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:

[Rekneskapsversikt](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800153  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandlast av utval:</b> Kontrollutvalet i Klepp	<b>Møtedato</b> 17.02.2011	<b>Utsvalssaksnr.</b> 5 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

**OVERSIKT OVER STATUS BESTILTE PROSJEKT OG  
KONTROLLAR PR. FEBRUAR 2011**

**Bakgrunn:**

Sekretariatet legg til kvart møte fram ei orienteringssak som viser oversikt over status på forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskapskontrollar som er bestilt av kontrollutvalet. Denne inneheld og ei oversikt over kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, og når desse skal følgjast opp av kontrollutvalet. Til slutt vil det komma ei oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla av kontrollutvalet i den inneverande perioden.

**Saksutredning:**

Alle prosjekta som kontrollutvalet bestiller skal vera med bakgrunn i planer som er vedtatt av kommunestyret, eller med bakgrunn i pålegg frå kommunestyret. Både ny Plan for forvaltningsrevisjon og ny Plan for selskapskontroll for den inneverande kommunestyre- perioden er vedtekne av kommunestyret i Klepp.

***Budsjett 2011, evt. Rest til bestilling av nye prosjekt:***

Kontrollutvalet ba på førre møte sekretariatet om å laga ei oversikt over tilgjengelege midlar i 2011 for evt. bestilling av eit ekstra forvaltningsrevisjonsprosjekt.

<b>Rapport</b>	<b>Kostnad i 2011</b>	<b>Budsjett – 150.000</b>
Forvaltningsrevisjon: Prosjektstyring, kostnad overført til 2011-budsjettet	86.060,-	
Selskapskontroll Brannvesenet	6.500,-	
Selskapskontroll Bompengeselskapet	19.500,-	
<b>Sum/rest</b>	<b>112 060,-</b>	<b>37 940,-</b>

Ut frå dette rekneskapet har kontrollutvalet ein rest til forvaltningsrevisjon på ca.38 000 kr. i 2011. Det er ikkje nok midlar til eit nytt prosjekt. Eit forvaltningsrevisjonsprosjekt kostar opp mot 200 000 kroner. Ein må gå ut frå at årets budsjett (150 000) i alle fall blir vidareført i 2012. Då bør kontrollutvalet bestilla nytt mandatforslag på neste møte, slik at revisor kan få påbegynt neste års prosjekt for resterande midlar på årets budsjett, og fullføra dette med midlar på neste års budsjett.

Forslag til

**VEDTAK:**

- Kontrollutvalet i Klepp tar oversikt over status prosjekt og kontrollar pr november 2010 til orientering.
- Sekretariatet legg fram sak til neste møte om utveljing av prosjekt for forvaltningsrevisjon i 2012.

SANDNES, 19.11.2010



Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

[Tilbake](#)

Vedlegg:  
[Statusoversikt](#)